

Kolstad 27/1-21

**Søknad om dispensasjon for oppføring av tørrmur utafor byggjegrense på GBNR 214/97  
Alver kommune. Reguleringsplan ID-1263-201603.**

Området BFS-1-2 som denne tomten ligg i er regulert for spredt busetjing. Plankartet viser byggjegrense mot sjø som overstyrer den gamle grensa. Ny grense mot sjø går langs tomtegrensa til 214/97.

Det er utført ei skredfareutgreiing som viser fare for steinsprang og snø/ jordskred i området. Mot aust er det utført endringar i terreng som eliminerer fare for skred inn i denne tomten. Jfr. rapport. Mot vest er det i plankartet merka for skredfare frå byggjegrense mot tomtegrense. Skredrapporten angir fare for steinsprang på nedsida av eigedomen og plankartet angir skredfare i dette området.

Tiltakshaver ynskjer å utnytte tomtearealet best mulig, samt sikre arealet frå byggjegrense ut mot deler av tomtegrensa i vest og hjørnet i sørvest. Dette kan gjerast ved å setje opp ein tørrmur om lag ein meter frå grensa mot vest/ sørvest, sjå vedlagt situasjonskart og terrengsnitt. (Eigedomen er innmålt på nytt og situasjonskartet er bygd på den nye eigedomsgrensa.)

Slik vi ser det vil tiltaket være med på å tryggje området og ikkje være til ulempe for naboar eller omgjevnader / miljø.

**Ing. Taule AS**



Karl Atle Taule